

# Når alvorleg sjukdom rammar



**Årdal kommune**  
**Kreftkoordinator og ressursjukepleiarar**  
**i kreftomsorg og lindrande behandling**



**Når alvorleg sjukdom rammar ein person, kan det vere godt å ha nokon å snakke med og søkje råd hjå**

**Nokon som:**

- har tid til å lytte
- kan vere eit bindeledd mellom deg/dine pårørande og hjelpeapparatet/helsevesenet
- kan svare på faglege spørsmål og gje rettleiing
- kan gje hjelp til spesielle prosedyrar og liknande.

Målet er å kunne bidra med hjelp både under kurativ (aktiv) og palliativ (lindrande) behandling.



Ressursgruppa i Årdal kommune består i dag av 2 ressurssjukepleiarar og ein kreftkoordinator

Kreftkoordinator kan bidra med samtalar, råd og rettleiing i høve din sjukdom, eller som pårørande. Du treng ikkje ha anna teneste i kommunen for å kome i kontakt med kreftkoordinator.

Ressurssjukepleiarane jobbar i heimetenesta. Dei har ei ekstra oppfølging med deg, dersom du har behov for heimesjukepleie eller eit opphald på Årdal bu- og omsorgssenter.

Korttidsavdelinga på Årdal bu- og omsorgssenter har ein leilegheit som kan nyttast dersom du treng lindrande behandling og ekstra tett oppfølging. Her er det lagt til rette slik at dine næraste kan vere med deg.



## **Kreftkoordinator**

Anita Kristin Sviggum

Tlf: 40 41 07 99

[anita.kristin.sviggum@ardal.kommune.no](mailto:anita.kristin.sviggum@ardal.kommune.no)

## **Ressurssjukepleiarar i heimetenesta**

Maja Bolstad Strand

Tlf: 97 09 21 55

[maja.bolstad.strand@ardal.kommune.no](mailto:maja.bolstad.strand@ardal.kommune.no)

Laura Brons Nordgulen

Tlf: 97 09 03 39

[laura.brons.nordgulen@ardal.kommune.no](mailto:laura.brons.nordgulen@ardal.kommune.no)

